



Harald Sagstad
Buheim 21
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/675 - 19/11216

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
04.04.2019

Løyve til planering med tilkøyrede jordmassar på gbnr 137/7 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 292/19

Vedtak

Lindås kommune gjev løyve til planering av eit inntil 4,6 dekar stort areal på gbnr 137/7 Alver med følgjande vilkår :

- mur/steinvoll i nedkant av arealet skal berre vere 1 meter over dagens terrenghøgde og minimum 1 meter frå grense mot nabo.
- terrengheving skal ikkje vere over 3 meter etter at massen har sige.
- sikre at eventuell avrenning frå tippet ikkje gjer skade på naboeigedomar.
- massane som skal køyrast til tippet er jord- og steinmassar frå grunnarbeidet med nye Alversund skule
- transport av massar til tippet ikkje skjer mellom før kl 8.30 o mellom kl 14.00-15.30 på skuledagar.
- transport av massar ikkje skjer utanom tidsrommet kl 07.00 – 19.00 i skuleferien
- ureining på offentleg veg knytta til massetransporten vert fjerna fortløpande.
- at matjord ligg som toppdekke
- arealet er ferdig planert med matjorda øverst, drenert, sådd og klart til hausting innan 01.06.2024.

Vedtaket har heimel i kap 4 i ureiningslova.

Mynde: Saka er handsama administrativt etter delegert mynde frå rådmannen.

Saksutgreiing

Saka gjeld :

Heimelshavar til gbnr 137/7 Alver, Harald Sagstad, søker om å etablere jordtipp på eit 4600 m2 stort areal på landbrukseigedomen sin. Søkjar ynskjer sjølv å stå ansvarleg for prosjektet.



Landbrukseigedomen gbnr 137/7 Alver :


Ifølgje Nibio sitt gardskart er totalarealet 142,8 dekar. Av dette er 32,8 dekar full- og /eller overflatedyrka jord og 11,5 dekar innmarksbeite. Det er 53,5 dekar produktiv skog og 29,9 dekar anna utmark. Til slutt er det 15,1 anna areal (tun/bygg/veg/øy)

Det er ein moderne lausdriftsfjøs med storfeproduksjon på garden og etableringa av jordtippen er ynskjeleg for å kunne auke fôrgrunnlaget i drifta. Det er dyrt å kjøpe grovfôr og det er dyrt med store transportavstander for å dyrka gras på leigejorder langt vekke.

Oversiktskart gbnr 137/7 Alver



Situasjonskart søknad om jordtipp :



Oversiktskart med transportveg for jordmassar og tipp :



Vurdering :

Naturmangfald og kulturminner

Saka er vurdert etter § 8 – 12 i naturmangfaldslova og ein finn ikkje at tiltaket råkar naturmangfaldet. Vidare har ein undersøkt om det er kjende kulturminner i området. 170 meter sør på eigedomen er det eit kjend kulturminne, men ikkje andre nær det aktuelle arealet. Det er ein sær forfalle steingard i området for tippa. Den er så øydelagt at den ikkje har noko kulturhistorisk verdi lengre og kan fjernast.

Ureining / avrenning :

Det vil alltid vere ei viss avrenning av humus knytta til jordtippa. Avrenninga frå den aktuelle jordtipp vil i stor grad gå inn i lukka kanal og til slutt renne ut i Alverstraumen. Alverstraumen er ein god reseipient der det ikkje vil vere problem med opphoping av næringsstoff.

Trafikkavvikling og støy :

Det er lagt opp til at transport av jordmassane knytta til skuleutbygginga skal skje over anleggsveg mot sør og 280 meter på veg gjennom bustadfeltet, Furumarka/Buheim og opp til den omsøkte jordtippa. Transportavstanden vert ca 850 meter. Det er sjølv sagt uheldig at anleggstrafikk skal skje gjennom eit bustadfelt. Her er det også små born i skulealder som skal til/frå skule. Som eit ledd i å trygga skulevegen vert det ikkje anleggstrafikk før etter kl 8.30 om morgonen. Vidare er det lagt opp til stopp i anleggstrafikken mellom kl 14.00 – 15.30. Derimot vil det vere anleggstrafikk mellom kl 07.00 – 19.00 i skuleferien.

Det er vanskeleg å på førehand fastsette mengde jord ein vil få plass til på tippa. Våteog lite omdanna jordmassar vil sige/komprimere seg sterkt sett i høve til tørr og ferdig omdanna jord. Det vil ikkje vere aktuelt med ei terrengheving over 3 meter dvs teoretisk maks 13-14.000 m³, men i praksis vil denne mengden vere langt lågare då dette er eit skråande terreng med ein steinvoll i nedkant/nord som ikkje skal vere synleg meir enn i 1 meter høgde.

Det er anslått at det skal køyrast til 3600 m³ matjord til tippa og at dette vert gjort i løpet av 17 arbeidsdagar. Totalt øvrige jordmassar som skal køyrast vekk frå området er stipulert til 7600 m³. Totalt 11200 m³. Det vil høgst truleg ikkje vere plass til all den jorda på den omsøkte tippa. Overskot må køyrast til anna godkjent mottak for slike massar.

Det er viktig er at det som ikkje er matjord vert tippa først og at matjorda vert lagt på toppen. Det vil altså vere behov for ei mellomlagring.

Ferdigstilling:

Det vert sett ein frist for ferdigstilling av jordtipp for grasproduksjon innan 5 år dvs at arealet skal vere ferdig fulldyrka og isådd innan 01.06.2024.

Tilsyn og pålegg :

Jfr §4-8 i forskrift om begrensa forurensning (forurensningsforskriften) kan kommunen føre tilsyn med at dei vilkår som vert sett vert følgd. Kommunen kan i det enkelte tilfelle gje pålegg om tiltak som er naudsynt for å forebygge, begrense eller stanse erosjon og forureining frå planerte areal.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Sagstad

Buheim 21

5911

ALVERSUND